

## **Frigjerings- og veterandagen 8. mai 2023**

### **Gode bømblingar**

8. mai i år er det 78 år sidan freden kom tilbake til Norge – etter fem lange år med krig og okkupasjon.

Etter fem år under nazismen sitt åk kunne me i 1945 atter feira fridomen vår - og det norske flagg vaia igjen over heile landet.

På frigjerings- og veterandagen markerar me fridomen - og me heidrar norske veteranar frå andre verdskrigen og fram til dagens internasjonale operasjonar.

Sidan 1945 har over 100 000 nordmenn tenestegjort i nesten hundre ulike internasjonale operasjonar i over 40 land i fire verdsdelar.

Bømlo kommune heidrar våre veteranar – men også alle krigsseglarar og dei som kjempa på ulikt vis i desse fem lange og tunge krigsåra.

Bømlo var særst delaktig i motstandsørsla - og spesielt Shetlandsfarten. Det kosta mykje – noko soga om Bliå-forliset med 43 omkomne mennesker vitnar om.

Ved Bømlo kyrkje står minnesmerket over våre falne medbygdingar frå andre verdskrig. Me har fleire slike minnesmerke kringom i kommunen vår – og det vert lagt ned krans også ved desse i dag.

Me er våre sambygdingar evig takksam for alt dei ofra for at våre verdiar, kultur og kristne kulturarv kunne halda fram - i fridom.

For vel 80 år sidan var det nordmenn og mange bømblingar med som måtte flykta frå ei nådelaus okkupasjonsmakt under Hitlers nazi-Tyskland.

No er det fredelege Ukraina som er okkupert av Russland sin president Vladimir Putin i hans ambisjon for å «frigjere» og «denazifisera» landet. Invasjonen 24. februar 2022 sende Europa ut i si verste humanitære- og flyktningekrise sidan 2. verdskrigen.

NATO og Europa står samla saman med Ukraina mot aggresjonen – langt meir og sterkare enn kva Putin nok hadde kalkulert med. Men kor lenge denne krigen vil vara er uråd å seie.

No er det difor me som må trå til og ta imot flyktningar frå Ukraina og andre krigsråka land. Me var framleis skaka og stod midt oppe i ein for kommunen krevjande situasjon med pandemien då denne nye krise råka vår del av verda.

Men bømlingen bretta opp ermene. Eg er glad for at me her i Bømlo syner at me står saman – og bryr oss om andre og kvarandre. Det er imponerande å sjå den gjevargleda og hjelpa som vert gitt både av privatpersonar, næringsliv og friviljuge lag og organisasjonar.

Det hjelper og er rørende å vere vitne til den enorme takksemda ukrainarane har synt på ulikt vis - særleg minnestunda 24. februar i år med fakkeltog og markeringa i Bremnes kyrkje på eitt-årsdagen for invasjonen.

Totalt har Bømlo kommune busett 164 flyktningar i fjor og til no i år. Kommunen sin organisasjon har synt seg særleg fleksibel og robust. Det har krevd og krev framleis mykje av dei tilsette i våre mange ulike tenester å busetje flyktningane på ein skikkeleg måte. Særleg når ein stor del av dei 134 frå Ukraina kom nærast samstundes.

Kommunen og landet står føre nye og store utfordringar. Sjølv om me slit med straumkrise, høge renter og auka matvareprisar har me ikkje råd til kun å vere oss sjølv nærast. I krisetider krevst det meir av oss – som samfunn og enkeltindivid.

Det vil vonleg skina ekstrå klårt når me neste år feirar 1000-årsjubileet for Kristenretten – som er det rettssamfunnet Noreg i dag er bygd på. Her er fridom for alle sentralt – der me gjekk frå maktsamfunn til rettssamfunn.

Det er vår plikt å føra kampen for våre verdiar, kultur og kristne kulturarv vidare – men no med fornya styrke. Sentralt i denne kampen står bodet om nestekjærleik – me skal hjelpe vår neste.

**Gratulera med dagen!**